



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak H – Samle Vassenden skule på eit skulebygg



Innhald

Tiltak H – Samle Vassenden skule i eitt skulebygg	3
Beskriving av tiltak.....	3
Geografi og elevtalsutvikling	3
Kapasitet	4
Konsekvensar	5
Økonomisk effekt.....	5
Konsekvensar for elevane	5
Fagmiljø og læringsutbytte.....	5
Klassestorleik og læringsmiljø.....	5
Elevmiljø og trivsel	6
Fellesaktivitetar og identitet.....	6
Konsekvensar for tilsette	6
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	6
Effekt- og konsekvensmatrise	7
Konklusjon	8

Tiltak H – Samle Vassenden skule i eitt skulebygg


Tiltaket består av ein aktivitet, å samle alle elevar under eitt tak i det bygget som i dag er barneskulen på Vassenden.

Start | Haust 2026


Beskriving av tiltak

Geografi og elevtalsutvikling

Elevtalsutviklinga på Vassenden ser slik ut, og tala er basert på folkeregistrerte barn i krinsen. Det er altså ikkje tatt høgde for eventuell til- og fråflytting eller inn- og utvandring.



På dette kartet kan ein sjå skulekrinsen til Vassenden skule, og korleis alle barn født i 2009 og fram til i dag er fordelt.



145 av elevane nyttar skuleskyss i dag, og eleven med lengst reiseveg har om lag 11 km, om ein ser vekk i frå elevar med delt heim som og pendlar ut av skulekrinsen.

Kapasitet

Dette kapitlet vil omhandle bygningsmassen der barnetrinnet i dag held til, då dette tiltaket handlar om å flytte ungdomssteget inn der. I utarbeidinga av dette tiltaket har leiinga ved skulen gitt bistand i vurderingane av kapasitet.

Ved å flytte ungdomsskulen inn i bygget vil ein framleis ha bra kapasitet på klasserom og grupperom. Ved delingsfag på ungdomssteget vil ein òg ha behov for å nytte spesialrom som bibliotek og klubbrommet i hallen.

Det skal vere god plass til SFO, sjølv etter ei eventuell flytting. Då har vi lagt til grunn at gratis kjernetid blir tilbod til 1.-4. klasse, og at det potensielt er 91 elevar som har SFO-tilbod.

Det er 41 tilgjengelege kontor til lærarane. Dette er tilfredsstillande med tanke på tal lærarar, men assistentar/fagarbeidarar får ikkje tilgang på eigen kontorpult, men må ha ei delt løysing. Ein kan òg ha noko sambruk mellom lærarar då nokon jobbar deltid, og dermed ikkje er på jobb på same tid.

Bygget har to dedikerte møterom i dag, som er for lite. Skulen melder om at det er anledning til å lage om 1-2 andre rom til møterom for å møte behovet.

Uteområdet har krympa sidan sist det var 1.-10 klasse på bygget, då Jølstrahallen har komme til og tatt noko av arealet. Det er og for liten kapasitet på fotballbana, som i tillegg har behov for rehabilitering.

Dersom elevtalet skulle auke igjen, vil ein rimeleg raskt få kapasitetsutfordringar på skulen. Tiltaket vil også låse for å ta i mot ungdomsskuleelevar frå andre skulekrinsar i framtida, dersom det skulle bli vurdert.

Talet grupperom og møterom blir kritisk lågt, og skulen mister tilgang på gymsalen på ungdomssteget som fører til at ein ikkje har ein stad å samle alle elevane til felles samling som til dømes Den kulturelle skulesekken, foreldremøte osv. Noko av utfordringa kan truleg løysast med bruk av idrettshallen.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

Det er krevjande å kalkulere den økonomiske effekten av dette tiltaket då elevtalet på skulen ikkje vil endre seg, og dermed vil ikkje ressursfordelinga gi noko effekt i høve elevtal, då det er likt. Stordriftsfordelane i dette tiltaket vil derfor vere avgrensa til andre årsverk som leining og merkantilt, samt effektivisering i høve bruk av personalressursar.

Flatene skule og Førde barneskule har omlag likt elevtal med Vassenden, men er likevel ikkje heilt samanliknbare då dei ikkje har ungdomssteg. Leiingsressursen (årsverk) på Flatene og Førde er i dag 1,5, mot 2,1 på Vassenden. Det er ikkje urimeleg å legge til grunn at Vassenden kan redusere leiingsressursen med om lag 0,5 årsverk, sjølv om dei har ungdomssteg.

Vi vil også kunne få ei meir effektiv drift når det bli anledning til å legge timeplanar på tvers av hovudsteg. Dette vil føre til meir effektiv bruk av dei tilsette, samt reduksjon i vikarutgifter.

I ein rapport frå Jølster kommune frå 2016 om bruk av bygget som i dag er ungdomsskule vart det stipulert 2 millionar kroner i auka driftsutgifter ved å ha skulen i to separate bygg. I dette talet var det auka kostnadar knytt til reinhald, utstyr som ein måtte ha dobbelt opp av (kopimaskin +++) og vaktmeisterstenester.

Bygg og eigendomsforvaltinga i kommunen har stipulert at det i dag kostar 4,4 millionar å halde ungdomsskulebygget, inkludert reinhald.

Konsekvensar for elevane

Fagmiljø og læringsutbytte

Endringa vil truleg ikkje ha betydelege konsekvensar for fagmiljøet og læringsutbyttet til elevane, då dei vil halde fram i same klasse, og med dei same lærarane som før. Tiltaket i seg sjølv vil ikkje påverke kva tilgang elevane har på pedagogar eller andre støttefunksjonar. Elevane misser opplevinga av å få ein «overgang» når dei går over på ungdomssteget. Denne overgangen er truleg eit skifte elevane i dag set pris på.

Klassestorleik og læringsmiljø

Tiltaket vil ikkje påverke klassestorleikar. Læringsmiljøet vil heller ikkje vere nemneverdig påverka, sjølv om elevane kan oppleve at mindre areal òg avgrensar

organisatorisk fridom som lærarane har hatt på dei to bygga. Det blir med andre ord noko mindre fleksibilitet i høve deling og alternativ organisering av klassane.

Elevmiljø og trivsel

Vassenden skule nyttar PALS, eit forskingsbasert system for å fremje eit godt lærings- og klassemiljø gjennom klare forventningar, positiv forsterking og systematisk arbeid med elevane sin trivsel og åtferd. Ei samlokalisering av barneskulen og ungdomsskulen i eitt bygg kan styrke arbeidet med PALS, då tilsette på tvers av trinna får auka høve til samarbeid og deling av erfaringar. Dette legg til rette for ein meir heilskapleg og samanhengande tilnærming til elevane si utvikling og trivsel gjennom heile skuleløpet.

Ein gjennomgang av internasjonale og norske studiar om kva skulestorleik betyr, konkluderer med at det er liten samheng mellom skulestorleik og elevane si læring og trivsel når ein har teke omsyn til andre bakgrunnsvariablar ([UDIR](#)).

At elevane må gå på same skulen alle 10 åra i grunnskulen kan og gi ein slitasje i elevgruppa. Elevtalet er heller ikkje større enn at ein kan risikere at enkeltelevar ikkje finn seg til rette i det sosiale miljøet, og at desse elevane må gå mange år i elevgruppa før overgang til vidaregåande skule. Denne problemstillinga er ikkje unik for Vassenden skule.

Fellesaktivitetar og identitet

Samling av elevar og ressursar i eitt skulebygg kan styrke fellesskapskjensla og byggje ein sterkare skuleidentitet. Samla ressursar for tilbod som helsesjukepleiarar og miljøarbeidarar vil bidra til ein meir stabil og tilgjengeleg støtte for elevane når dei treng det.

Konsekvensar for tilsette

Dei tilsette vil ikkje få store endringar i sin arbeidskvardag. Å vere samla i eit større kollegium vil styrke arbeidet med profesjonsutviklinga på skulen, då dei tilsette no i større grad kan ha fellestida saman.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

Tiltaket vil ikkje påverke lokalsamfunnet på Vassenden nemneverdig.

Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

Effektverdi	Konsekvensverdi	Matriseverdi
3	5	15

Vurdering: Tiltaket er vurdert som grønn.

Konklusjon

Å samle Vassenden skule i eitt bygg står fram som eit tiltak med låge konsekvensar og moderate fordelar. Tiltaket vil gi innsparingar hovudsakleg knytt til drift av bygningsmassen, og det er utfordrande å fastslå dei totale økonomiske gevinstane med omsyn til stordriftsfordelar. Endringa reduserer også skulen sin fleksibilitet for å ta inn fleire elevar i framtida, noko som kan avgrense kapasiteten dersom elevtalet skulle auke eller det blir aktuelt å ta imot elevar frå andre krinsar.

Sjølv om dei økonomiske gevinstane er avgrensa, vil tiltaket bidra til meir effektiv drift og ein samla skulekvardag for både elevar og tilsette. Det vil òg styrke samarbeidet mellom barneskule- og ungdomsskuletrinna, noko som kan ha positive effektar for det pedagogiske miljøet og trivselen til elevane.

Basert på ei samla vurdering vil tiltaket gi meir effektiv ressursbruk og betre organisering av skulekvardagen på Vassenden skule.